



Helseminister Bent Høie lovar å følge med, og sjå til at vedtaka frå Helse Vest blir sett ut i livet.

Høie lovar å halde auge med Helse Førde

Helseminister Bent Høie lovar å passe på at vedtaka om dagkirurgi og stadleg leingi i Nordfjord blir sett ut i livet av Helse Førde.

Roy Aron Myklebust
roy.aron.myklebust@fjordingen.no

Tysdag vitja helseministeren sjukehuset og den psykiatriske avdelinga på Nordfjordeid. Etter omvisninga var det møte med Nordfjordrådet. Der var fokuset styrevedtaka i Helse Vest, og kor vidt ein kan stole på at Helse Førde vil følge opp desse.

– Bekymringa vår no er om vi kan stole på at vedtaka blir gjennomført, sa ordførar i Eid, Alfred Bjørlo. Han la samstundes fram eit brev frå Nordfjordrådet til helseministeren kor denne bekymringa kom fram svart på kvitt.

– Vi føler kanskje ikkje at Helse Førde heilt tek inn over seg den verkelegheita som er der, sa mellom anna Bjørlo. Han poengterte vidare at dei var nøgde med vedtaka Helse Vest hadde gjort og at desse i stor grad var i tråd med Nordfjordrådet sine viktigaste krav. Både i høve dagkirurgi som inkluderer ortopedi, at det skal vere stadleg leingi ved sjukehuset og at den heilskaplege modellen som er utvikla i "Utviklingsprosjektet framtidens lokalsjukehus" skal implementerast ved Nordfjord sjukehus.

– Skal ikkje vere tvil

– Eg meiner vi i dag har vore vist rundt på eit sjukehus som er framtid-



Nordfjordrådet fekk ros frå helseministeren for sitt arbeid og engasjement for lokalsjukehuset. Her med brevet der dei uttrykker bekymring for gjennomføringsevna til Helse Førde. F.v.: Anne-Britt Øen Nygård (Hornindal), Idar Nygård (Selje), Sven Flo (Stryn), helseminister Bent Høie, Morten Hagen (Vågsøy), Alfred Bjørlo (Eid) og Anders Ryssdal (Gloppen).

retta. Her ser vi eit tilbod andre kan lære av, og her er vi inne og treff framtidens behov, oppsummerte Høie. Om dei konkrete vedtaka i Helse Vest uttrykte han også tydeleg at han delte oppfatninga med Nordfjordrådet.

– Eg oppfattar dette som eit prinsipielt vedtak om dagkirurgi. Katarakt (augeoperasjonar) er eit utgangspunkt, men her vil andre behov vurderast undervegs. Når det gjeld stadleg leingi vil det vere klokt. Det vil vere unaturleg å ikkje ha det på ein så stor arbeidsplass, sa Høie, og presiserte følgjande.

– Det skal ikkje vere noko tvil om at vedtaka i Helse Vest blir følgt opp. Og skjer noko anna, vil vi fort oppdage det.

Skryt

Helseministeren gav også stor ros til Nordfjordrådet, og gjekk langt i å gi dei forteneasta for at ein hadde fått

gjennomnemnde vedtak.

– Dette hadde ikkje skjedd utan Nordfjordrådet sin innsats. De har vore ein konstruktiv samarbeidspart, og arbeidet dykkar står det stor respekt av. At kommunane byggjer opp om sjukehuset, gjer det meir robust og framtidsetta, sa helseministeren.

Innbyggjarane i sentrum

Ordførar i Stryn og leiar av Nordfjordrådet, Sven Flo, var godt nøgd med møtet og sette pris på dei rosande orda frå Høie.

– Han skal sjølv ha ros for den måten han har teke oss i mot på. Men eg trur den måten vi jobbar på, er veldig riktig. Vi set heile vegen innbyggjarane i Nordfjord i sentrum for vårt arbeid, og vi legg opp til å vere løysningsorienterte i vår tilnærming, seier Flo.

KOPPEN INDUSTRIER AS
FURENE, 6100 VOLDA

LAVPRIS-MATERIAL
- PRISAR INKL. MVA

NB! Alle bestillingar for KØYRERUTA må vere innkomne innan onsdag

36x68 just	pr m kr	11,60
48x98 just	pr m kr	18,90
19x148 dobbelfals, 1. sort gr. kvit	pr m ² kr	136,30
15x70 prof. golv/dør kvit	pr m kr	30,60
21x70 prof. tak kvit	pr m kr	36,10
12 mm std. spon 122x239	pr pl kr	154,90
Bever tak skygge MDF 12x128x239 eggk.	pr m ² kr	154,-
Bygg1 Kari dør 70-100-200-210 kvit karm.	pr stk kr	1190,-
70 mm Knauf isolasjon 037.	pr m ² kr	32,40
100 mm Knauf isolasjon 037.	pr m ² kr	45,00
150 mm Knauf isolasjon 037.	pr m ² kr	65,90
200 mm Knauf isolasjon 037.	pr m ² kr	90,50

MDF perle, skygge, fas
11 x 620 x 2390 mm
Eggkvit, Cafelatte, Lys Toscana, Skagen
Kostmalt kr **149,-** pr plate. Fritt levert

MDF fas Eggkvit, kostmalt kr 129,- pr plate.

Vi har Glava, Decra, ståltak, takstein, H-vindu, dører
Be oss om tilbod! Telefon 70 04 59 90 Fax 70 06 87 70.
OPE MANDAG – FREDAG 8 – 17. LAURDAG 9 – 14

HYTTER – SJØLVBYGGGARASJER – ALT I TRELAST
www.koppenind.no – post@koppenind.no

Mandag: Førde, Florø, Jølster, Sandane. Tysdag: Stryn og Hornindal. Onsdag: Selje, Måløy, Bremanger, Nordfjordeid. FRAKTFRETT